



**Sogn og Fjordane
krets av NSF**



ALLTID BEREDT

Styremøte laurdag 22. august 2009 på Byrkjelo

Saker:

1. Landsleiren
2. Arrangementa utover hausten
3. Eventuelt

Referat:

Til stades: Niels, Wenche, Eirik, Mats og Daniel.
Anne Mabel og Johan måtte melde avbod.

Sak 1 Landsleiren

- Det var ein god leir med gode aktivitetar. Spesielt positivt var gruppebidraget, som gjerne må gjentakast.
- Ambassadør Wenche skrytte over gruppene i kretsen, spesielt det at dei var så positive til å gjere dei ulike arbeidsoppgåvene ein fekk spørsmål om.
- Sogn og Fjordane krets var også godt representert på arbeidsleiren i forkant av leiren.

Sak 2 Arrangementa utover hausten

✕ Vandrarsamling m/peffkurs i Naustdal (4.–6. september)

Invitasjonen er send ut, og Eirik og Inge, som står for arrangementet, har ting under kontroll. Det vart spurt om kven som hadde høve til å kome og føreslått ulike personar til staben. Dei fyrste påmeldingane er alt komne inn.

Eirik søker om støtte frå Studieforbundet Natur og miljø i samband med gjennomføringa av peffkurset.

✕ Speidarsamling m/JOTA/JOTI (16.–18. oktober)

Niels har snakka med radioamatør Reidar. Han stiller denne helga og prøver å få med seg fleire.

Det vert ikkje aktuelt å vere på Fagerneset i år, då staden har vorte omgjord til konferansesenter e.l. Daniel sjekkar om vi kan få leige Nesholmen denne helga, utan matteneste o.l. Siste utveg viss ikkje, er ev. Knapstad.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Telefon: 414 80 880 | E-post: sfj@scout.no

Mat og innkjøp tek Wenche og Daniel seg av. Programaktivitetar er ved Eirik, Mats og truleg Petter frå Systrond 1 og Inge frå Naustdal. Eirik sender ut invitasjon og tek opp påmelding 3–4 veker i forkant av arrangementet.

✕ Speidarleiarkurset (6.–8. november)

Wenche og Thorleif er ansvarlege for dette kurset, som er ein av modulane i «Lederkurset». Invitasjon vert sendt ut på e-post når det nærmar seg.

✕ Roversamling

Vi vil prøve å få til ei roversamling, med bagrunn i den som vart arrangert på landsleiren i sommar. Då fekk vi mange e-postadresser til roverar, og planen er å få alle inn på éi, felles e-postliste, slik at det vert enklare å skape kontakt mellom roverane i kretsen.

November/desember er dei mest aktuelle månadene for å få dette til. Stad vert truleg Sogn. Føremålet med samlinga er å planleggje roveraktiviteten i kretsen vidare – å prøve å få noko til.

Sak 3 **Eventuelt**

Neste styremøte, og det siste før jul, vert eit kombinert styremøte/arbeidsmøte med overnatting på ei av hyttene i Jølsterlia frå 12.–13. desember. Styremedlemmene møter kl. 15.00.

Møtet slutt om lag kl. 14.00.

Referent: Eirik Ulltang Birkeland.

Niels Larsen

kretsleiar

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Telefon: 414 80 880 | E-post: sfj@scout.no